

[Nikolai Nelvik]

Nemnda har gjort godt arbeid med å rydde opp og stramme inn, men mange tilhengjarar av einskapsprinsippet (jf. s. 30 i innstillinga) hadde nok helst sett at norma vart enda strammare. Og det finst jamvel dei som har eit utopisk ønske ei nynorsknorm heilt utan alternative former.

Om framlegga blir vedtekne, er dei absolutt til å leve med. Det er til dømes på sin plass å ta inn *eigde* ved sida av *åtte* og *drønne* og *stønne* med både a- og e-bøying. Men ein og annan vil nok rynke på nasen over former som *dratt*, *latt*, *tatt*, *setta*, *sitta*, *turka*, *turr*, *nå* (adv.), *so*. Og det burde greie seg med to dei alternativa *mogleg* og *mogeleg*, *muleg* kan gå ut. Dessutan meiner nok mange at ein ikkje bør jamstille klammeformene av dei hankjønnsorda og hokjønnsorda som etter gjeldande rettskriving har høvesvis *-er*, *-ene* og *-ar*, *-ane* som hovudformer i fleirtal (altså ikkje *bekkar*, *bunadar*, *villaar*, *elver*, *myrer*), og at former som t.d. [*sumar*], [*gamal*], [*domar*], [*døma*] bør slå følgje med [*sume*], [*strama*], [*plome*], [*røma*] ofl. og takast ut av rettskrivinga.

Det er òg fornuftig å jamstille inkjekjønnsforma *-ent* med *-e* i adjektiv. Her kan eit nærliggjande spørsmål vere om det skal reknast som inkonsekvens eller ikkje å blande dei to i same tekst, t.d. *eit ope sår* og *eit kristent land*. Ei nærskyld problemstilling finn vi i referatet frå møtet i nynorskmemnda 14. desember i fjor, der det står at ein i verb som etter rettskrivinga har både a- og e-bøying, ”kan nytta såkalla ’blanda bøying’, som er vanleg over store delar av landet”, altså at desse verba kan få *-ar* i presens og *-de* eller *-te* i preteritum”, t.d. *bruka* – *brukar* – *brukte* – *brukt*. I innstillinga er ikkje dette med; det står ingenting om ”blanda bøying”. Blandingsbøyinga *bli*, *blir*, *vart*, *vorte* (som òg er vanleg) er heller ikkje nemnd. Her trengst ei avklaring.

Nemnda trekkjer fram ti av framlegga og ber om synspunkt på dei:

- berre *-leg* (ikkje [*-lig*]) som suffiks (t.d. *endeleg*)
- berre *-stilling*, ikkje *-stelling* (t.d. *framstilling*)
- berre diftong i ord som *drøyme*, *høyre* og *køyre*
- berre dobbel konsonant i ord som *ramme*, *danne*
- *skole*, *mye* [*noe(n)*] og [*bare*] ut av rettskrivinga
- ikkje kløyvd infinitiv
- ikkje i-mål

Dette bør vedtakast, men kanskje ikkje framlegget om å stryke *skole*.

Det bør derimot ikkje vere

- valfri *j* i verb som *leggje/legge* og hokjønnsord som *bryggje/brygge*
- valfri samsvarbøying i perfektum partisipp av svake verb
- val mellom *de* og *dykk* som subjektsform